

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1.

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Arde og plog

Bygdelag:

Oppskr. av: Jørgen Skjaveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Arde og plog er brukte i bygda.
2. No er det ingen som brukar arde. Etter 1880 har ingen brukte dette reidskapet. Dei arde åkren før dei sädde og brukte han til plöya med, ikkje hova på kryss og tvers. Kornet molda dei ned i åkren med ei hov med tre timmar som stod rett ned.
3. Arden er visselig ikkje nytta som hyppeplog, for i den tida plöydde eller spadde dei med jordepla og dei hypte ikkje oppom jordeplekilet, men berre grov jord innåt kälstilkane med ei spada. Arde er dei gamle som teikningane syner (fig 1-10), hyppeplog er dei nye med "skjer" som arbeidar som ein snöplog.
4. Arde fig. 5 er likast den som vert brukte her.

5, 6. Me kallar skjegene skoglar, ein skogel.



Teikningen syner koss dei kobla dei til plogen når ein pløyer med to hestar. Dei to skoglapara er festa til houlatrene med jernband (eit houlatre) og houlatrene til plogen. Er den eine hesten sterkare enn den andre, flytter ein bandet frå plogen nærare skoglabandet åt den sterkaste hesten. Dette er slik som ein no pløyer<sup>med</sup>, men det var vel om lag slik før òg.

7. Den typen me kjenner til hadde bene sitt ard.

8. Stedet hadde velteffjøl som ein flytte over på andre sida og pløydde bae vegane (både høgre og venstre <sup>velting</sup> ~~ard~~)

9. Me hev aldri kalla harver ard.


10. Djupna kunne visst ikkje reguleras.

11. Ardtypen fig. 5 vart brukt, velteffjōla som var av tre kunne ein flytta over på andre sida, difor jamna dei med ei riva til kvart dei pløydde, - ikkje på kryss og tvers. Dei hadde visst ikkje kniv.

12. Stedene vart visst laga av smedar heime på gardane.

13. No brukar ein fabrikkplogar, jernplogar med to styrehald av jern. Det var kring 1880-90 ein gjekk over til vanlege plogar. Den moderne jernplogen kom i bruk kring 1915-30. Dei eldre grindplogane vart òg kjøpt.

14. Dei gamle grindplogane dei hadde frå 1880 åra til 1915 er det enkelte som har enno, og mange ligg nok bortslengde og vert aldri nytta meir. Dei er av type fig. 11, men grinda hallar meir bakover (som på teikningen) Dei fyrste grindplogane var meir




lik fig 11. Veltfjola var av jern, men lite vridd sa ho la iktje molda fint. Skjeret (solen) i under var au av jern.

15. Nar dei brukte ard og dei gamle plogene, hadde dei med seg ei trespada dei reinska veltfjola med. Koko namn pa denne spada har me iktje.

16-17. Nar dei kjorde plogen som attende, la dei han ned pa veltfida. Same hadde ein breid mei festa til isen langs heile plogen som plogen kvilte pa nar dei kjorde attende.

18. Alle plogene velta til hoyre.

19. Dei ploygde 4-5 tomer djupt. Dei sette ein mei framme som dei kunne regjlera opp og ned. Dei festa han med kilar.



20. Dei hadde alltid kniv av jern (ristel).

21. Typen fig 10 veit me iktje om er brukte her.

22. Dei koyde plogen og skoglane i skrovtjerne nar dei koyde pa grusveg eller pa meien langs sida dei som hadde det.

23. Eg trur kje type fig 12 er kjend her.

24. Me uttalar ordet eit <sup>and</sup> ar, med lang a. og ein plog med lang o og tydelig g. Ar er dei eldste typene med jernbyltre framme, plog er dei som har skjer og vridd, fast veltfjol.